


r 715	Kjønn: Jente	Det første språket du lærte: Norsk	Klasse: 7
-------	-----------------	---------------------------------------	--------------

Vil du sjå ein fjord død?

S1 har fått eit fantastisk tilbod av S1. Dei vil sprengje fjellet for å få ut rutil som brukast til å få tannkremen og målinga kvit. Alt det andre som er til overs blir dumpa i FJORDEN. Heile fjorden og alt liv i den kan dø, for dei har eit giftig stoff ned i sanden /steinen som gjer til at det skal synke ned i fjorden og dette stoffet dreper fisken, som gjer til at vist du er så heldig å få ein fisk kan du ikkje ete den. Stoffet kan drepe menneske også. Det einaste som er godt med dette er att



S1 får pengar. Skal du tillate det? Skal eg tillate det?

Skal VI tillate det?

Eg er sterkt i mot gruvedrift i S2. Eg vil ikkje at heile fjorden og fisken kan bli drept viss dei mislukkast. Bestefaren og bestemora mi bur i nærleiken, i S3. Bestefaren

min elsker å fiske. Vil du ta frå han gleden? Det er ikkje berre han, men mange andre også som aldri kan få gjere det dei elsker mest av alt. Kva ville du gjort om alle andre kunne bestemme att du skulle bli tatt frå det du elsker mest av alt å gjere. Tenk deg om. Vil du ta sjansen? Barna burde få vere med å bestemme tenker eg. Det er trass alt vi som skal leve med dette valet.

Eit forslag i frå mi side er att vi burde vente. Vente til neste generasjon eller generasjonen etter det. Når dei kjem har dei kanskje funne ei løysing på problemet slik at S1 får pengane og fjorden framleis kan vere frisk og rask. I mellomtida kan S1 arrangere konkurransar med deltakar pengar og finne på slike småting for då vil dei til slutt få ein god slant med pengar.

Så gjer som eg og sei nei, ver med alle som kan og sei **N-E-I!**

<F1>

[S4]